

GENERELLE VILKÅR

Tilskotsordninga for driftsmidlar til fagskulane

1 DEFINISJONAR

I Dette dokumentet skal følgjande ord ha følgjande tyding:

«**Vedtaket**»: Vedtaket som er fatta av tilskotsforvaltar om innvilging av driftstilskot til tilskotsmottakar i tilskotsperioden under ordninga for tilskot til drift av fagskular.

«**Tilskotsmottakar**»: Fagskulen som er part i vedtaket, jf. fvl. § 2.

«**Tilskotsforvaltar**»: Fylkeskommunen som har fatta vedtaket.

«**Tilskot**»: Bidraget til finansiering av drifta til tilskotsmottakaren som er innvilga i vedtaket.

«**Tilskotsperioden**»: 1. januar til 31. desember i det året som vedtaket gjeld for.

«**Særskilde vilkår**»: Vilkåra, ut over dei generelle vilkåra, som tilskotsforvaltar har fastsett og er knytt til drifta til tilskotsmottakar og/eller bruk av tilskotet i vedtaket.

2 BRUK AV TILSKOTET M.M.

2.1 Bruk av tilskot

Tilskot skal nyttast til dekning av kostnader knytt til drift av den/dei delane av tilskotsmottakars portefølje av utdanningstilbod som er oppgitt i dei særskilde vilkåra.

Tilskotet skal kome studentane til gode. Tilskot kan ikkje direkte eller indirekte nyttast til å dekkje kostnader knytt til økonomisk aktivitet. Tilskot kan ikkje nyttast til å utvikle produkt/tenester som seinare er tilbodne i ein marknad.

All bruk av tilskotet skal skje i tråd med gjeldande lover, forskrifter, medrekna EØS-regelverket om statsstøtte (jf. pkt. 3.3), og dei særskilde vilkåra som er fastsette av tilskotsforvaltar.

2.2 Varslingsplikt

Tilskotsmottakar skal straks melde frå til tilskotsforvaltar dersom det er avdekt brot på desse vilkåra, eller oppstår konkret mistanke om korrupsjon eller annan risiko for tap eller feilbruk av tilskotsmidlar. Det same gjeld dersom det skjer vesentlege endringar knytt til føresetnadane for innvilginga av tilskotet, som for eksempel at planlagde utdanningstilbod likevel ikkje let seg gjennomføre eller liknande.

2.3 Bokførings- og rekneskapsplikt

Private fagskular skal rapportere økonomidata til DBH-HYU, jf. fagskulelova § 32. NOKUT har fått delegert fullmakt til å fastsetje rapporteringskrav og frist for rapportering til DBH-HYU, jf. [informasjon til private fagskular om rekneskapsrapportering på DB-HYU](#) si nettside.

2.4 Rapporterings- og møteplikt

Tilskotsmottakar skal rapportere til DBH-HYU i samsvar med gjeldande regelverk. Tilskotsmottakar skal også medverke til tilskotsforvaltar si vurdering av måloppnåing.

3. UTBETALING

3.1 Utbetaling av tilskot

Tilskotet blir utbetalt i tråd med vedtaket. Utbetaling for aktivitet i vårsemesteret skal skje innan 31. januar, og for haustsemesteret innan 15. september. Tilskotsforvaltar kan heilt/delvis utsetje utbetaling av tilskot dersom det ligg føre mistanke som nemnd i pkt. 4.2.

3.2. Overføring av tilskot

Overføring av tilskot til privatpersonar er ikkje tillate. Overføring av tilskot til leverandørar/samarbeidspartnarar kan skje så langt det er i tråd med pkt. 2.1.

3.3 Tilbakebetaling av tilskot

Tilskotsforvaltar kan krevje tilbakebetaling av tilskot som er innvilga/utbetalt på feilaktig grunnlag, eller er omfatta av vedtak etter pkt. 4.3. Tilskotsforvaltar kan også krevje tilbakebetalt ulovleg tildelt statsstøtte, og kan sikre oppgjør ved einssidig motrekning og nekte å behandle søknad om innvilging av ytterlegare tilskot fram til fullt oppgjør har skjedd.

3.4 Atterhald

Utbetaling av tilskot kan stansast dersom dette vil vere i strid med stortingsvedtak/instruks frå Kunnskapsdepartementet, eller dersom det ligg føre vedtak etter pkt. 4.2 eller 4.3, eller endeleg vedtak om omgjering.

4 KONTROLL OG OPPFØLGING

4.1 Kontroll av bruken av tilskot

Departementet fører tilsyn med private fagskular, jf. fagskulelova § 31. Departementet har delegert tilsyn med private fagskular til NOKUT. NOKUT har ansvar for økonomisk tilsyn med private fagskular etter fagskulelova § 31 og kontroll med bruken til private fagskular av driftstilskotet etter fagskulelova § 29.

4.2 Pålegg om stans i bruk av tilskot

Ved konkret mistanke om brot på desse vilkåra, kan tilskotsforvaltar påleggje tilskotsmottakar å stanse all bruk av utbetalt tilskot med omgåande verknad. Ved mistanke om fare for at tilskotsmidlar kan bli misbruke/gå tapt, kan førehandsvarsling unnlatast, jf. fvl. § 16, tredje avsnitt, bokstav a).

4.3 Pålegg om tilbakebetaling av tilskot

Ved vesentleg brot på desse vilkåra, kan tilskotsforvaltar pålegge tilskotsmottakar å betale tilbake alt ubrukt tilskot. Tilskotsforvaltar kan også krevje tilbake brukte delar av tilskotet så langt tap eller feilbruk har si årsak i aktløyse hos nokon som tilskotsmottakar heftar for.

5 ANDRE AVGJERSLER

5.1 Ansvarsavgrensing

Med mindre anna går fram av lov eller forskrift, er tilskotsforvaltar sitt ansvar overfor tilskotsmottakar strengt avgrensa til utbetaling av innvilga tilskot i samsvar med desse vilkåra.

5.2 Teieplikt m.m.

Tilskotsforvaltar er underlagd reglane i offentleglova og forvaltningslova om innsynsrett og teieplikt. Tilskotsmottakar samtykkjer til at informasjon knytt til innvilga tilskot, rapportering om bruk m.m. kan publisertast.

5.3 Informasjonsplikt

Tilskotsmottakar skal sikre at oppdatert og utfyllande informasjon om egne utdanningstilbod er tilgjengeleg på utdanning.no.
